



Møtebok
IS Fjordvegen Rute 13
Styremøte 09.10.2013
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 09.00 -12.00

Møtte:

Arne Kleppa, Sigbjørn Hauge, Bjørn Laugaland, Per Kåre Foss og Marta Finden Halset.

Forfall: Einar Horvei, John Opdal og Anders Ryssdal.

Sekretariatet: Leiv Vambheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Sak 13/13 Handlingsplan for Profileringsmedarbeidar i IS Fjordvegen Rute 13.

Leiv Vambheim orienterte om nyttilsetjing Profileringsmedarbeidar og avtalane og administrative ordningar. Postadresser: hanne.sundbo@hardangerraadet.no og fjordvegen@hardangerraadet.no

Hanne Sundbø fortalde om seg sjølv.

Leiv Vambheim og Hanne Sundbø gjekk gjennom Startegi- og Handlingsplan for IS Fjordvegen Rute 13.

Styret drøfta handlingsplan for arbeidet til Profileringsmedarbeidar og gjorde slike prioriteringar:

Strategi 1:

- ✓ Det må gjerast framstøyt mot fylkeskommunane for å presentera Hanne og Fjordvegen.
- ✓ Intern marknadsføring må klargjera for medlemmene kva selskapet er og korleis selskapet jobbar.
- ✓ **Styrereise langs IS Fjordvegen Rute 13 med vitjing i kommunane med felles samlingar undervegs. Førebels datoar er 28. og 29. oktober 2013.**
- ✓ Presentasjon / dialog med kommunane langs vegen gjennom Regionråda og andre fora.
- ✓ Ein ide er at Rute 13 skal støtta opp KONKRETE PROSJEKT som kommunane arbeider med, ikkje berre generell profilering. Arrangera møtepunkter og opna dørar.
- ✓ Dryppa inn jamn informasjon om Rute 13 gjennom FJORDVEGDØSEN.

Strategi 2:

- ✓ **Oppdatert nettside.** Nettsida vert gjennomgått og fornya.
- ✓ **Samarbeid med vegstyresmaktene.** Systematisk kontakt og nettverksbygging

Hanne føl opp:

KVU for Rv/Fv 13. I samband med den KVU-en som Vegdirektoratet skal laga for heile Rv/Fv 13 strekninga, så sjekkar ein ut om dette bør fråfallast til fordel for forenkla prosessar.

Leiv føl opp:

Gje uttale til Regional RTP Sogn og Fjordane. Marta sender dette til Leiv.

Strategi 3.

- ✓ **Fleire medlemmer.** Arbeida for at alle kommunane, alle næringsforeiningar og minst 20 enkeltbedrifter langs Rute 13 vert medlem i perioden. Hanne arbeider med rekruttering gjennom næringslaga/foreiningane. Nye medlemskommunar som Stavanger, Leikanger og Sogndal.

Strategi 4:

- ✓ **Gå gjennom NTP og Handlingsplan** for å kryssa ut kva prosjekt langs Rute 13 som er med og korleis.
- ✓ **Ny regjering vert kontakta for å avklara kva som er gjeldande politikk for distriktsveg som Rute 13.**

Vedtak:

HANNE SET OPP EI TILTAKSLISTE FOR ARBEIDET I SELSKAPET TIL NESTE STYREMØTE.

Sak 14/13 Fast post:

Gjennomgang av status for Rute 13 ved styremedlemmene.

Rogaland:

- Arbeidet med Ryfast er i gang.
- Ferja Hjelmeland – Nesvik er kombinert fylkesveg- og riksvegferje. Her bør det vera to ferjer. Her må IS Fjordvegen kunna påverka anbudsarbeidet.
- Osberg er ferdig.
- Svoåtunnelen skal opnast 29.11.13
- Sandsfjord bru er i gang med bygging
- Rasområdet mellom Sand og Erfjord er klar til regulering. Finansieringa er uklar. Her må lobbast.
- Årdalstunnelen skal starta med kommunedelplan i Hjelmeland.
- KVV frå Strand til Røldal er registret i Samferdselsdepartementet.
- Det rasar stadig langs Suldalsvatnet.

Hordaland:

- Når E134 vert lagt om ved Røldal og når Sandsfjord bru vert ferdig, så må ein ha ein strategi for Rv 13.
- KVV i Oddalen er under arbeid med alternative trasear.
- Veg utanom Odda sentrum er under utgreiing med nye trasear Odda Tyssedal
- Status ved Stana er ukjent.
- Deildo skal rassikrast i første periode NTP
- Alle deler av arbeidet med og rundt Hardangerbrua er ferdig.
- Jobergtunnelen vert starta i 2014.
- Sikker kryssing på Bjørgum er utsett.
- Enconkrysset kjem 2014
- Opning av Vangstunnelen med rundkøyringar skal opnast desember 2013.
- Rundkøyringane ved Skulestadmo vert opna i haust.
- Strekninga Skulestadmo - Vinje er ikkje med i Handlingsprogrammet.

Sogn og Fjordane:

- Vikafjelltunnelen på 15 kilometer står i NTP sin siste periode.
- Rassikringa Vik – Vangsnes er i full gang med prosjekteringa.
- Ferjesambandet Vangsnes- Hella- Dragsvik er riksveg. Her må ein påverka i samband med ny utlysing. Ønskjer stive avgangar og lengre opningstid (ferjeavgangar).
- Gaularfjellet og Viksdalen er ikkje kjende planlagde tiltak.

Oppfølgingssaker

1. IS Fjordvegen må etterlysa status for ein ømsøkt KVV for Riksveg 13. Kva fordeler og kva forseinkingar vil ein KVV ha? Hanne sjekkar med Geir Pollestad.
2. Det må sjekkast ut status for arbeidet i Bratlandsdalen. Hane sjekkar med Vegvesenet Region Vest.
3. Medlemmene nord for Sognefjorden i Fylkesveg 13 bør avklarar sin rolle i høve Is Fjordvegen Rute 13.

Møteplan for 2014 vert sett opp på neste styremøte.

Neste møte er fredag 29.11.2013 på Strand/Hjelmeland.

Referent

Leiv Vambheim
Dagleg leiar